


BOKN BYGDABLAÐ

NR. 3 – APRIL 1999 - ÅRG. 14



Kulturveke – s. 4



Forteljarglede – s. 8



Gjenoppstart – s. 22



BOKN KOMMUNE

Forny lokaldemokratiet

- EIT OPPROP -

Vi, ordførarar og fylkesordførarar, samla til møte i Oslo rådhus, mandag 1. februar 1999, har utarbeidd fylgjande opprop om lokaldemokratiet:

1

LOKALDEMOKRATI

tyder

- Å finne lokale løysingar til felles beste. Eit levande lokaldemokrati handlar om deg og meg og må ta omsyn til det einskilde mennesket og til fellesskapet.
- Norske lokalsamfunn skal kunne kjennast igjen på mangfaldet og dei rikholdige variasjoane, dei kreative løysingane og eit aktivt engasjement.
- Dette krev at innbyggjarane vert trekte aktivt med og at lokaldemokratiet må forsterkast og fornyast gjennom nye former for medvirkning. Lokaldemokratiet må brukast for å vera livskraftig.

2

LOKALDEMOKRATI

handlar om at

**AVGJERDER SKAL TAKAST SÅ
NÆR DEI DET GJELD
SOM MOGELEG**

og

- at alle skal ha mogelegheit til å vera med å påverke og utforme både sin eigen kvardag og framtida til lokalsamfunnet
- at ulike samfunnssyn og verdiar, naturlege konflikte og motsetningar i lokalsamfunnet vert gjort synlege og vert løyst gjennom dialog og deltaking

3

LOKALDEMOKRATI

**OPNAR FOR ENGASJEMENT
FRÅ INNBYGGJARANE**

ved:

- å skape mange og nye møteplassar mellom innbyggjarar og folkevalde
- å skape opne "politiske verkstader" gjennom dialog med innbyggjarane om problemstillingane før forslag til løysingar vert utforma.
- å la brukarane vere med å utforme tilboda
- at lokalpolitikarane gjev tilbakemelding og held innbyggjarane godt informert

4

LOKALDEMOKRATI

krev at

**LOKALPARTIA MÅ FORNYE
ARBEIDSFORMENE SINE**

ved:

- å finne arbeidsformer som kan trekke fleire med i det politiske arbeidet
- å sikra breidde i rekrutterings til politiske verv og arbeide særskilt for å få fleire unge og fleire kvinner med i aktivt politisk arbeid
- å vera tydelege i sine politiske budskap og samfunnsvisjonar
- å bidra til å finne kreative og nye løysingar for organisering av lokaldemokratiet

LOKALDEMOKRATI*krev at***STORTING OG REGJERING GJEV
ROM FOR LOKALDEMOKRATI***ved*

- å erstatte detaljstyring med nye former for samspel og forpliktande samarbeid
- å godta at mangfald og variasjon er uttrykk for eit levande lokaldemokrati
- at lovparagrafar, reglar og føresegner som overstyrer lokaldemokratiet vert fjerna
- at ny reformer vert fylgde opp med nok ressursar – hvis ikkje vert truverte til lokal demokratiet svekka i befolkninga
- å godta at lokaldemokratiet ikkje berre har ansvar for utøving av statleg pålagde velferdsoppgåver, men også skal ha rom for utviklingsoppgåver i lokalsamfunnet

LOKALDEMOKRATI*krev at***INNBYGGJARANE TEK
DEMOKRATIET I BRUK***ved*

- å engasjere seg i debatten om utfordringane i eige nærmiljø
- å utfordre dei folkevalde, dei lokale partia og administrasjonen, slik at det vert mogeleg å fornye lokaldemokratiet.
- å stille seg til disposisjon for deltaking i lokalpolitisk arbeid
- å bruke røysteretten, og ta sin del av ansvaret for å påverke samansettinga av dei folkevalde organa

KJÆRE LESARAR!

Bygdabladet startar denne gong med eit opprop om lokaldemokratiet, m.a. med tanke på at det nærmar seg val. Det kan du lesa meir om på side 7. At det er val i Bokn til hausten har også Bygdarevyn fått med seg, noko du sannsynlegvis kan få oppleve på folkefesten om kvelden 17. mai.

Kommunenenes Sentralforbund (KS) har starta aksjonen *Forny lokaldemokratiet*, og denne aksjonen skal gå fram til lokalvala 13. september. Frå KS heiter det: *Det lokale folkestyret er truet. Skal vi snu utviklingen, må vi få flere til å stemme ved kommune- og fylkestingsvalgene. Rekrutteringen til lokalpolitikken må bli bedre. Kommune- og fylkespolitikkerne må få større handlefrihet, men da må lokalpolitikkerne også ha flere områder og saker der de faktisk bestemmer – uten unødvendig innblanding fra staten.*

FORSINKA

P.g.a. påsken blei bladet forsinka ei veke i forhold til planlagt dato. Beklagelegvis stod ikkje dette i forrige nummer. Aktuelle datoar for utgåvene før sommarferien er 15. mai, 12. juni

og 10. juli. Frist for innlevering av stoff er som vanleg den første i kvar mnd.

FLEIRE SAMARBEIDSPARTNARAR

Som det tidlegare har stått i bladet er me inne i ein overgangsfase når det gjeld produsering av stoff, med omdisponering av arbeidsområde i kommuneadministrasjonen og ansvarleggjering av ressurspersonar. Eg er glad for at fleire vurderer å bli faste bidragsytarar til bladet. Denne gong tar me vel i mot Vegar Våge og Lars Morten Kro, som m.a. vil stå for det humoristiske innhaldet. Vidare vil du framover få lesa fleire artiklar og reportasjar av Susanne Grønnestad og Elise Marie Tollaksen.

FOTBALLBANEN

Sidan januar har det vore totalforbod for bruk av grasmatta utanfor skulen. Det er sjølv sagt vedlikehaldsplanane for banen som ligg bak dette forbodet samt at Fotballkretsen oppfordrar oss til dette, for å få ein så fin bane som muleg. Skuleelevane har vore svært flinke til å respektera forbodet i skuletida. Planen er å djupperforera banen rundt Sankthans-tider når serien til A-laget er halvspela. Banen skal så vera klar att til august.

- redaktøren -

KULTURVEKA I MARS

Tekst & foto: Jardar Havikbotn

Det går lenge mellom kvar gong det er store kulturarrangement i bygda. Plutselig dukka det opp tre med berre ein dag imellom. Kanskje slo det eine det andre i hjel? Forskjellen i publikumsoppslutning var i alle fall svært stor.


Den 21. inviterte Bokn musikkorps til minikonsert. Gymsalen var koseleg pynta med påskeinspirerte bord, og korpset var plassert nede på golvet. Med dette var utgangspunktet for ein intimkonsert dei aller beste. Det var svært gledeleg med nærare 30 stolar i korpsoppsett, noko som er standard-besetning for eit brassband, og

ein time. I første avdeling var alle aspirantane (junior-korpset) med på to musikkstykke, ein hymne og eit tema frå storfilmen Jurassic Park, og dette var ein fryd å høyra på. Stykkene var godt innøvde, og med 28 stk. fekk me det store og rette volumet med rein klang eit heilt brassband kan gi. Dirigent Simon Kerwin fekk korpset med seg, og dei dynamiske verkemidla og fraseringa kom godt fram. Tir' na Noir var også fint å høyra på, sjølv om arrangementet til dirigenten er sårbart og krev full konsentrasjon frå dei som spelar. Her kom Eb-kornetten (diskant-kornett) godt fram der



lenge sidan me har opplevd i Bokn.

Konserten var delt i to, og med matøkta tok det heile



Full konsentrasjon for fv. Eirik Vea og Lars Øyvind Øvrebø i filmmusikken Conquest Of Paradise, der dei viste rytmisk presisjon.

han ofte kvitrar ein oktav over dei andre solo-kornettane. Der var kona til Simon som veksla på å spela Eb- og Bb-kornett. Ho er svært dyktig, og verkar nok inspirerende på resten av korpset.

I pausen gjekk kommentarane rundt meg ut på at dei var imponerte, og at dette hadde fortent eit større publikum.

Korpset var blitt mindre då 2. avdeling starta. Camilla H. Birkeland, Kristina Faye, Merethe Ø. Almås, Merete Bryningsland, Rebecca Sæbø og Irene Kro frå juniorkorpset satt rundt eit bord medan slagverkarane Lars Øyvind Alvestad og Eirik Vea fortsatt spela med seniorkorpset. I den flotte filmmusikken av Vangelis, Conquest Of Paradise imponerte dei med rytmisk presisjon, og dei er på god veg mot habile og stødige slagverkarar. Eirik Vea er forresten den einaste musikkskuleeleven som har undervisning i Tysvær musikk- og kulturskule, der han spelar hos Vamp-trommeslagar Tore Jamne, og derfor ikkje skulle vera noko i vegen med inspirasjonen. Samarbeidet med Tysvær musikk- og kulturskule har alltid fungert godt, og

kanskje blir det slik til slutt at dei interesserte musikk- og kulturskuleelevene Bokn må reisa til Tysværtunet for å få det rette tilbodet. Men dette er eit anna kapittel i Bokns musikk- og kulturliv.

Dei fleste korpskonsertar har gjerne ein marsj eller noko liknande i byrjinga og slutten, og det tradisjonelle opplegget fekk også publikum oppleva denne sundagskvelden. Dei hadde valgt ein marsj-fanfare i byrjinga og den tradisjonelle Down By The Riverside til slutt. Sistnemnte blir ofte brukt av gammaljazz-band og som swing-marsjar av korps. Det var Simon som hadde arrangert denne siste songen, og her var det ein del rytmiske utfordringar i fleire stemmer. Dirigenten, som jobbar 100% med korps, har ein del spesialskrivne korpsarrangement på repertoaret sitt etterkvart, og me er glade for at me fekk knytta han til Bokn.

Dirigent for juniorkorpset og nybakt formann Lillian Grønnestad takka til slutt ekteparet Kerwin og Jorid Veia som var med på trombone for konserten, ho blir forresten fast medlem til hausten.

Sjølv om senior- og juniorkorpset til saman nærmar seg 30 stk. trengs det fleire folk. Bass-stemmane blir t.d. ikkje spela av bassar som kan spela i den lågaste oktaven. Dermed får ein ikkje den mørkaste klangen i korpset. Erfarne slagverkarar trengs også, og me får håpa dette kjem etterkvart. Korpset øver anna kvar tysdag kl. 20.00 – 22.00.

Det er lite inspirerande for både korps og dirigent at så få møter opp på eit arrangement som er øvd mot og forberedt i lang tid. Me som var der spreidde oss så godt me kunne, og heldigvis hadde korpset valgt ei bordløyse, slik at det såg meir ut enn det eigentleg var. Andre ting i kommunen skjedde også på same tid, m.a. årsmøte på bedehuset. Slikt spelar inn, men folk må ha lov å vera skuffa.

KOR VART DET AV PUBLIKUM?

Søndag 21. mars arrangerte me i Bokn musikkorps ein minikonsert på Bokn skule. Me var faktisk litt optimistiske til oppmøtet denne gong, men den gang ei.

Her har me tatt eit *skippertak* for at Bokn skal ha eit korps.

Me synest at sambygdingane våre då kunne ha stilt opp.


Korpsmusikk er meir enn sjølve 17. mai!

Ein STOR takk til dei 20 små og store som sette av ein time til å høyra korpsmusikk denne søndagen.

Helsing nokre av musikantane

Den 23. inviterte Soknerådet og kulturkontoret til kyrjekonsert med Fylkesmusikarane i Nord-Rogaland og Distriktsmusikarane i Suldal.

Med publikumsresponsen frå sundagen i minne, var me ikkje særleg optimistiske med tanke på oppmøtet i kyrkja denne tysdagskvelden. Men kanskje skulle ein tru at nye profesjonelle musikarar i Bokn skulle frista fleire enn 10 sjeler til gratiskonsert på høgt nivå i eit varmt og stille kyrkjerom midt i ei travel arbeidsveke? For dei unge og entusiastiske musikarane i frå Suldal




Konsert for nesten tom kyrkje.


hadde ikkje spela i kommunen før, og dei representerte tverrfløyte, fiolin/hardingfele og orgel. I tillegg til Fylkesmusikarane sine instrument blei kyrkja fylt med fleire spennande besetningar og arrangement. Me blei til og med oppfordra til allsong. Kjente komponistar som t.d. Händel, Bach, Telemann, Haydn og Mozart var valgt ut i det timeslange programmet.

Den 25. var det klart for den kulturkvelden dei fleste tydelegvis hadde planlagt dei skulle gå på, for her var ca. ein fjerdedel av Bolks befolkning samla, frå 6 år til over 80. Det ser ut som om ordet Bygdakveld har god tradisjon i kommunen og trekker folk. Det er heller ikkje så mykje arbeid å stella i stand til slike kveldar når alle som blir spurde om å vera med er positive og seier ja. Denne bygdakvelden blei arrangert i samband med at det er eldreår i år, men programmet var ikkje lagt opp deretter.

Leiar av Pensjonistforeninga Kjell Kro og ordføraren var konferansierar. Førstnemnde var i storform og improviserte nokre gonger slik at me som hadde laga programmet fekk problem med å fylgja med, men dette var berre ekstra koseleg. Bokn Songlag leia an i opningssongen; Bokn-songen av Sigurd Barkve. Her var det ein del vers som kom opp på lysark, og dei som ikkje kunne songen fekk god tid til å læra seg tonen. Barnekoret, leia av Songkvartetten, var berre 15 stk..



denne gong, men song fint, avslappa og tydeleg i innslaget sitt, og dei hadde valgt eit repertoar med eit spenn frå *Den fyrste song* til *Hvor bor du, lille rotte?* Etter allsongen *Har du hørt historien om de tre små fisk?* stod Songkvartetten, med undertekna på keyboard, for ei musikalsk ramme rundt lektor på Høgskulen i Stavanger, Erik Fossåskaret sitt kåseri om ferjer, kommunikasjonar og vegforbindelsar. Då var det naturleg å ta fram songane om *Gullhøna*, *Fering og frieri* og *Eventyret om Bokn bru*. Og folk i salen var sjølvstundt med på refrenga. Det er tidlegare skulesjef i



Bokn, Jan Spurkeland som har laga dei fleste av desse songane, i perioden 1976 – 1979. Erik Fossåskaret snakka som ein foss, i positiv betydning. Alle dei gode og informative orda hans blei forsterka med store fine fargebilder på lysark. Songkvartetten slutta av innslaget sitt med å dansa musikalsk mot vår i Rolv

Løvland sin fine vårsong.

I matøkta var det rom for konkurransar og loddsal. Det kom inn rundt kr. 5.000,- som er sendt til Aksjonen Nabo i nød i regi av Røde Kors sitt program i Murmansk-området. Sigrunn Hole Hosaas introduserte også ein ny og effektiv metode til matservering, og det gjekk enkelt og greitt ut på at ein person frå kvart bord gjekk ut på kjøkkenet og henta eit smørbrød-fat, kaffi og brus. Og plutsleg fekk alle borda mat og drikke på ein gong! Pausen inneheldt også eit improvisatorisk innslag frå Kjell Kro som viste oss noko av denne bygdakvelden sitt budskap i eit nøtteskal; å overlevera gamle tekstar til yngre generasjonar. Han framførte ein song som han fekk muntleg overlevert som barn,



og Daniel Thuestad var med på trekkspel. Songen handlar om barndomsår, og han skal krivast opp på noter. Så håpar me at t.d. barnekoret vil føra han vidare. Kanskje får me høyra han sunge av barn seinare i år?

Bokn songlag framførte m.a. Å, *Vestland, Vestland* og *Gud signe Norigs land*. Songlaget mangla ein sopran og hadde litt balanseproblem, men stod for eit fint innslag. Malvin Grønnestad hadde med seg dottera Evy, og dei framførte to songar sa-

man før han hadde ein eigen liten avdeling. Eit ynskje frå Kjell Kro om å framføra Stanley Jacobsen si vise *Eg vil heimatt til Vestlandet*, var eit populært innslag som hausta stor applaus! Daniel Thuestad og Sigmund Grønnestad stod for folkedans-musikk



med framføringane av Rødragen-vals, Ringnes-reinlender og Vals frå Nordfjord. Dei hadde med seg Malvin, og det var mange dunk i gymsalgolvet frå folk som heldt takten, for det svingte skikkeleg. Karane, som har spelt saman i nærare 25 år, m.a. i Bokn spelemannslag, akkompagnerte også siste allsong, *Den glade vandrer*.

Då alle stod og song første verset av Fedrelandssalmen til slutt, trur eg alle som var på denne nesten tre timers lange bygdakvelden med variert program hadde fått forventningane sine innfridde.

KOMMUNESTYREVAL, FYLKESTINGSVAL OG DIREKTE ORDFØRARVAL

I

BOKN KOMMUNE 1999

TIDSPUNKT FOR VALET:

Tidspunkt for kommunestyre- og fylkestingsvalet i 1999 er sett til mandag 13 september.

KVA PARTI STILLER TIL VAL I BOKN:

Det er dei same 4 partia som er representerte i kommunestyret i dag som stiller liste ved kommunestyrevalet kommunen:

- Arbeiderpartiet
- Høyre
- Senterpartiet
- Kristeleg folkeparti

DIREKTE VAL AV ORDFØRAR:

Etter gjeldande lov skal *kommunestyret* velja ordføraren blant eit av formannskaps-medlemmene. Men dette vil *ikkje* gjelde i Bokn ved det komande kommunevalet.

I staden gjeld følgjande:

”Ordførar i Bokn kommune skal veljast ved direkte val for valperioden 1999-2003. Valet skal skje samstundes med kommunestyrevalet 1999.”

Direkteval av ordførar skjer ved at veljarane gjennom ein eigen røystesetel stemmer på den dei ynskjer skal vera ordførar dei komande 4 åra. Kwart parti som er godkjent ved kommunevalet i Bokn kan stilla ein ord

førarkandidat. Namnet på dei som er ordførarkandidatar vil stå på røystesetelen.

Ein kan ikkje røyste på andre kandidatar enn dei som står på røystesetelen.

Den av kandidatane som får flest røyster er vald som ordførar. Dette under forutsetning av at minst 50% av dei som har røysta ved kommunevalet også har røysta på ein av ordførarkandidatane.

ORDFØRARKANDIDATANE:

Følgjande personar stiller som ordførarkandidatar:

- | | |
|--------------------------|------------------------|
| 1. Arbeiderpartiet : | Arne Hosaas |
| 2. Høyre: | Svein Ove Alvestad |
| 3. Kristeleg Folkeparti: | Sigurd Johnny Svendsen |

Senterpartiet stiller ikkje ordførarkandidat.

Bygdabladet vil framover mot valet koma med informasjon, reportasjar og intervjuer, ikkje minst med ordførarkandidatane.

I mai-utgåva kjem m.a. dei godkjende listene frå alle partia.

KLEDE OG SKO TIL UKRAINA

Eli Kro skal i juni reisa til Ukraina med klede. Ho skal vera ein av sjåførane, og planen er at inntrykka frå turen seinare i år vil stå i Bygdabladet.

Det som ein håpar å få inn i Bokn er barneklede og barnesko/støvlar for barn 0 – 10 år.

Alt er av interesse, men dei må vera reine og heile. Innlevering er på skulekontoret, helst i esker eller bossekkar.

Du kan levera heilt til 1. juni.



ETTERLYSING!

Det nærmar seg innflytting i nye kommunale kontor på Boknatun, og blant anna får eg attende kontoret mitt.

Men det har imidlertid oppstått eit lite problem, ordførarskiltet er søkk borte. Det hang over døra til kyrkje-vergen i 2. etasje, men no er det kun tre teiknestiftar der.


Har nokon sett skiltet, eller veit noko – ta kontakt med ordføraren.

Sigrunn

"DU HUGSA VEL TOBAKKEN?"

Tekst & foto: Reidar Alvestad

Ingrid Våge (83) i Strandavika på Austre Bokn har hatt besøk av Bygdabladet. Ho svara raskt ja då eg kontakta henne på telefon ein fredag føremiddag i slutten av



mars, med spørsmål om eg kunne koma over til Strandavika om nokre minutt og slå av ein prat.

Det er kanskje ein del yngre som ikkje kjenner Ingrid. Ho bur både litt avsides til, og er heller ikkje så ofte å sjå. Men i eldreåret 1999 er det ikkje meininga at me berre skal ta fram dei som er godt kjende frå før. Me vil også prøva å formidla inntrykk av folk som har noko å gi, men som mange kanskje ikkje kjenner så godt til.

Eg har vore i dette huset og prata med Ingrid og Johan for nokre år sidan, og det var vanskeleg gløyma det besøket. Tankane har ofte gått tilbake til det inntrykket desse menneska gjorde på meg. Kva er det som er så særmerkt med denne kvinna som har så mykje å fortelja, og som så levande og likeframt set ord på korleis livet var i tida før eg var fødd?

PÅ KRAMBUÅ

Når eg høyrer Ingrid fortelja, set det igong minne om min eigen oppvekst i Alvestadkroken i 1950-åra, der me som ungar låg langflate på kaikanten og fis-ka - sommaren gjennom. Ingrid sin ektefelle Johan og far hans – Sevrin Våge, var ofte innom kaien. Der handla dei på krambua før helga, eller dei var innom for andre ærend.

Ingrid fortel at dei før i tida alltid handla i Alvestadkroken. Vanlegvis på laurdagar. Ho ler godt når ho fortel ei herme etter Aud Alvestad (Håland):

"Det blir ikkje jul før Johan og Sevrin har vore på krambuå og handla litla julaftå!"

Nokolunde slik fall orda eit år dei gjorde siste handelen før jul.

Alltid prata og skøya Johan og Sevrin med oss ungane. I båten var det allslags fiskereidskapar som snøre, garn og teiner, og ofte selde dei fisk, høvring og hummar, alt etter om det var sesong for det. Eg kan ikkje hugsa at det var så ofte at Ingrid var med dei når dei var innom kaien. Dei hadde nok handleliste med seg.

I den tida hadde me ungane ikkje så mykje kontakt med folk som budde andre stader på øya enn i vårt eige nærområde. I tilfelle var det mest for sjå om slekt-ningar. Ikkje var det bilar, og ikkje var det bru. Og dei tre krinsane hadde kvar sin skule i den tida. Eg hadde aldri vore i "Strandavigjå", og førestilte meg at det omtrent var som Oksebåsen, Ådnaneset og Borgenvik – veglaust og avsides. Ingrid hadde eg knapt nok sett. Men eg visste at Johan og Ingrid hadde ein gut, Sigmund, som var på min alder.

"EG HAR FÅTT LEVD EIT RIKT LIV – SJØLV OM DET ER AVSIDES HER NEDE"

Så bar det avgarde på sykkel. Eit kvarters tid etterpå sat eg i stova hos Ingrid, og mintes ein laurdag for nokre år sidan då eg og ungane var og kjøpte høvring. Johan levde då, og me var med han og tok opp ei bømte med høvringar litt ute i vika. Han var blitt eldre, men elles akkurat lik seg slik eg hugsa han frå barndommen. Men han var plaga av leddgikt og hadde ein hjarteskjukdom, så det vart ikkje så mykje høvringfiske, men nok til at han hadde å selja.

Ingrid tek imot meg blid og venleg. Ho har den gamle skikken at ho ber eit tørkle på hovudet, sjølv om ho sit inne i stova. Når eg skal ta bilete av henne, skiftar ho



til eit nyare og fint mønstra .

Etter ein times drøs føler eg den same stemninga som eg hadde sist eg var i dette huset og prata med Ingrid og Johan. Det er ei kjensle av at eg ein gong tidleg i livet har opplevd noko liknande som denne stunda. Det er ei god og behageleg ro. Ingrid er ikkje smitta av dagens travle og flyktige kvardag kor ingen har tid å stoppa, og heller ikkje fortel korleis dei eigentleg har det. Ingrid har både tid til å fortelja, og til å seia korleis ho har det. Ho fortel om ulike hendingar i livet sitt frå ho var lita og fram til i dag. Noko anna har me heller ikkje på programmet. Me skal prata om laust og fast, så blir det mitt ansvar at eg får noko å skriva om i bladet. Ingrid gifte seg med Johan i 1944, og dei kjøpte huset i Strandavika av onkelen hans. Johan sine foreldre var Sevrin og Laura, Ingrid sine var Asbjørn og Karen. Ingrid hadde 9 sysken. I dag er dei 4 att.

Før ho kom til Strandavika, hadde Ingrid først vore tenestejente hos Holger og Ingeborg Are. Der var ho i 4 månader. Men ho hadde tidlegare søkt seg arbeid på Frue Meieri i Stavanger, og ein dag fekk ho brev om at ho kunne få arbeid der, men måtte koma straks. Då måtte ho i all hast reisa frå Are, og det var sårt både for henne og dei ho tente hos. Far hennar, Asbjørn, kom med båt til Are og sette henne om bord i "Rapid" som gjekk til Stavanger. Der vart ho i 7 år, og flytte deretter heim til Bokn og gifta seg med Johan. I alle desse åra dreiv Johan med fiske. Han var med "Flora" og andre fiskeskøyter frå Alvestadkroken, og dreiv elles med fiske frå eigen båt her rundt Bokn. Dei hadde vel 20 sauer og ei ku. Seinare kjøpte dei ein nabogard i tillegg, og då kunne dei ha tri kyr.

Dei hadde ikkje veg ned til Strandavika. Den kom først for rundt 20 år sidan. Før den tida var det sjøvegen, og fiskebåten var det viktigaste framkomsmiddelet deira. Ingrid seier at ho har hatt eit rikt liv, men mange gonger har det vore hardt. Når veret var dårleg, eller det var tjukk skodda, var ho ofte engsteleg for Johan. Då gjekk ho ofte ut på knausane og såg etter han når det gjekk mot kveld. Han visste ho var engsteleg for han, og difor kom han heilt inn i vika og viste seg med båten i skumringa dersom han hadde meir å gjera før han kom inn for kvelden.

Det var eit hardt slag for Ingrid då ektefellen Johan døde ein laurdag føremiddag i august 1997. Men med den sjukdomen han hadde, var ho førebudd på at det kunne skje. Sjølv om det vart ein tung dag, følte ho likevel at det var fredfylt, og dei næraste var rundt han. Han var då nær 80 år. Ho er glad for at han fekk oppfylt ynskjet sitt om å bu heime så lenge han levde, og at dei begge to var så friske at dei kunne makta det. Så synes ho det var så fint at songen han likte så godt – "Ein båt i stormen dua" – vart framført i gravferda.

Etter at ho vart aleine, synes ho nok einsemda har blitt større. Likt med somme andre som har mista ektefellen, føler ho at det er vanskeleg å gå ut og koma tilbake

til tomt hus. Men ho har Sigmund med familie som næraste nabo, og mange slektningar og vener som ser innom eller ringer.

GLAD I SONG OG MUSIKK, DYR OG FUGLAR

Ingrid og Johan hadde ei fin tid dei siste åra etter at han slutta å fiska. Dei var begge glade i song og musikk, og Johan lika så godt når ho song for han. "Ein båt i stormen dua" var ein song dei begge var glade i. Ingrid song i kor då ho arbeidde i Stavanger. Nå blir det mest at ho syng for seg sjølv, og prøver å sjå og høyra gode program i fjernsyn og radio. Programmet "Lirekassen" i NRK radio prøver ho å få



Johan og Ingrid i 1997.

Foto: Kornelius Våge

med seg. Melodiane og songane der vekker mange minne.

Songen "Min barneheim under grøne lia" song Ingrid og Johan ofte i lag. Denne songen høyrde ho nettopp i radioen, og der vart det sunge 5 vers. Dette 4. verset hadde ikkje ho lært. Kanskje er det nokon som kan dette? Dei andre versa skreiv Ingrid ned for meg, og songen står etter dette intervjuet.

Ingrid er glad i naturen og i dyr og fuglar. Sauene snakkar ho med, og det hender det kjem sjøfuglar inn i Strandavika. Nyleg var det ein flokk med ender eller ærfugl som leita etter skjell og anna mat, og det har også vore svaner på besøk.

FRÅ TIDLEG BARNDOM

Ingrid fortel også frå oppveksten sin i 1930-åra. Ho og systera Margit måtte av og til sjå etter syskena sine når mora måtte hjelpa faren med fiske i øyane (Vågholmane). Det siste mora sa når dei drog, var: "Dokke må sjå godt itte bodnå, så får det våga seg med alt det andra".

Ho hugsar også at ho var med mora og steikte potetkarer. Det gjorde dei ofte. Fleire gamle sat i stova og drakk kaffi, og mange røykte pipe, også kvinnene. Så

fekk dei "podekager med himasmør". Det lika dei godt. Det var mange som ikkje ville ha sukker på potetkakene når dei hadde godt smør på. Tobakken var også særskild viktig. Ei eldre kvinne som Ingrid handla for, spurde alltid når ho hadde vore på krambuå:

"Du hugsar vel tobakken?" Ho spurde henne aldri om ho hugsar brødet!

Ingrid fortel at folk måtte hjelpe kvarandre meir i den tida. Det var ikkje alle som hadde nær familie som kunne hjelpe i vanskelege situasjonar. Det var heller ikkje alltid så flust med pengar, og folk kunne vera sjuke. Ofte måtte naboar og andre hjelpe til. Dei passa på ein måte på kvarandre. Ingrid seier det var omtrent som i teksten til Ivar Aasen sin song: "Gamle grendi" (Tidt eg minnest ein gamal gard), kor første del av 4. verset lyder slik:

*Var det nokon, som der leid vondt
Og vart fyre tap og spilla,
Brått det spurdest om bygdi rundt,
Og alle tykte, det var illa.*

Ingrid si mor kom frå Kårstø, og av og til segla dei frå Våga til Kårstø og såg til besteforeldra. Då sto bestemora hennar på kaien på Kårstø og tok imot dei. Ingrid si mor, Karen, hadde også ei syster som var gift på Bokn. Det var Gina Nygård.

Dersom Ingrid sine foreldre hadde fått oppleve Bokn i dag, måtte dei vel knapt tru sine eigne auger. Tenk til dømes på at Asbjørn måtte ro eller segla dyra frå Våga til Føresvik for å bringa dei til båten som gjekk til Stavanger. Ingrid meiner han kunne ta med seg 6-7 lam på kvar tur.

Det fins ennå eldre folk av Ingrid sin støypning, som både har minnet, forteljarevna og lynnet i orden. Nyttar du høvet til å sjå om dei?

Du kan leva lenge på det du sit att med etter eit slikt besøk. Sjølv ved inngangen til år 2000, kor mange meiner at datamaskinar og internet skal berga verda, er



Strandavigjå 25. mars 1999.

det ingenting som kan erstatta den direkte kontakten menneske og generasjonane mellom. Det må me ikkje gløyma å vidareformidla til etterkomarane våre.

MIN BARNEHEIM

*1. Min barneheim under grøne lia,
der glad eg levde den første tida.
Du var den flekken eg mest fekk kjær
om ut eg vanka, du var meg nær.*

*2. Der barnegråten så lint vart stogga,
Og ljost eg drøymde i vesle vogga.
Der mor sitt kveda først song seg inn,
og tok med sele mitt barnesinn.*

*3. Og når det skymdest mot kveld i stova,
Og trøytt av leiken eg ville sova.
Då oppi fanget meg tok han far,
Og inn i eventyrland det bar.*

*5. Når våren kjem etter kalde vinter,
Og snøen brånar og lauvet spretter.
Då vert du venast for meg å sjå
Min barndomsheim med din vårpynt på.*

NÅR VAR HELGE PÅ TOPPEN?

I forrige utgåve av Bygdabladet hadde det beklagelegvis falt ut nokre linjer på første side i artikkelen om Else og Helge Nilssen, og fleire har nok lurt på når Helge sist gong var på fjelltoppen Møysalen i Vesterålen. Det var nemleg i 1993. Den siste linja som mangla var:

Etter hjarteinfarkt i 1981 måtte Helge leggja kost-..... (haldet radikalt om.)

At trykkeriet ikkje alltid gjengir originalane slik dei blir sende frå kulturkontoret har å gjera med skriveoppsettet til datamaskinane. Dette skal no vera ordna.

av Helge Laupland

Ho Besta blei gammal, heile 89 år. Ho døyde i 1959. Besta var dårleg til beins, så ho sat for det meste ved bordet i kammerset dei siste åra. Ho var svært glad for besøk og fylgde ofte med til døra, med litt hjelp, når folk skulle gå.

Besta var rekna for å vera ganske klar i hovudet like til sin siste dag. Men av og til når ein såg til henne og praten gjekk om daglegdagse ting, kunne ho plutselig bryta inn med ting som ho såg eller hørde. Då mest kviskra ho slik at andre i huset ikkje skulle høyra det. Ho hadde nok fått beskjed om å teia med slikt.

Ein ting ho var opptatt av var noko ho meinte foregikk på Are. - Dei skyt sør på Are, kunne ho seia.

Noko merkelg hende ein gong nabokona såg innom. Då nabokona skulle gå ville Besta fylgja til døra, og då dei stod i døra på austsida av huset på Laupland, peika plutselig Besta bort i utmarka austafør Vågshaug og sa: - Sjå, sjå bilane! Nabokona såg sjølvstundt ingenting så ho prøvde og snakka det bort, men Besta gav seg ikkje. Ho såg ilar. - Men kor skal alle bilane hen?, spurde nabokona. - Jo, det skal eg seia deg, dei skal til Are, og der har dei dei i ein stor båt, sa Besta.

Dette var 30 år før det i det heile var snakk om



På austsida av huset på Laupland i 1951.

Foran fv.: Metta Jøsang, Besta Margrete Laupland, Dina Loten og Marie Loten (dei to sistnemnde frå Amerika).

Bak fv.: Jens Are?, Kristine og Ole Laupland.

(bildet er hentå frå Bygdeboksamlinga)

Rennfast og fergeleie på Are. Og kva med *Dei skyt sør på Are?* Det blei jo ganske mykje skyting (sprenging) på Are i samband med fergeleiet, over 30 år seinare.

Ganske rart, ikkje sant?

KULTURMIDLAR 1999

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå driftsstyret. Dei som søkte i fjor får automatisk tilsendt søknadsskjema i posten i veke 16. Ev. andre søkjarar vil få søknadsskjema ved å kontakta Jardar på kulturkontoret.

- Dei som søkjer for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 1.500,-
- Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 1998 og budsjett for 1999 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.

- Kulturmidlane det blir søkt om skal bakast/bør vera bakt inn i budsjettet for 1999, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Dette er krav som driftsstyret stiller, og som må oppfyllast for å få stønad

Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.

Kulturmidlane for 1999 blir fordelte i driftsstyremøte 17. juni.

SØKNADSFRIST: 28. MAI

ASBJØRN KLOSTER (1823-1876)

- mannen som grunnla totalfråhaldsrørsla i Noreg -

Edruskapsarbeidet i Noreg er del av ei internasjonal rørsla, og Stavanger har fleire gonger vore inngangsporten til landet vårt. Det galdt i stor grad den eldste måteholdsrørsla, og det galdt totalfråhaldsrørsla. Det var gjerne mindre religiøse særgrupper som var for-midlarane av impulsar frå England og USA. Og byen synta seg å gi grobotn for religiøst og filantropisk motiverte organisasjonar.

Asbjørn Kloster var fødd av småkårsfolk på øya Vestre Bokn utanfor Stavanger i 1823. Foreldra hans sto nær Haugerørsla, og Asbjørn Kloster kom tidleg i kontakt med kvekarane som hadde etablert seg i Stavanger og som hadde totalfråhald som del av kristensynet sitt. Gjennom kvekarsamfunnet fekk Kloster tilbod om eit års skolegang i England, og dette året vart eit avgjerande modningsår. Asbjørn Klosters religiøsitet og hans store motvilje mot alkohol vart sett inn i ein større heilskap. Sjølv om Kloster alltid kom til å sjå på fråhaldsrørsla som ei sosial rørsla, vart arbeidet for fråhaldssaka for han personleg ein del av det praktiske kristenlivet som kvekar.

Då Asbjørn Kloster kom tilbake til Stavanger i 1848, starta han ein privatskole for kvekarbarn, og han fekk snart eit godt ry som lærar som fekk stor personleg verknad på elevane sine. Ofte tala han om rus-drikken, og la dei unge på hjarte at dei måtte sky sterke drikkar, fordi dei førte menneska ut i last og skam. Samtidig arbeidde Kloster vidare med si eiga utdanning, og han skreiv fleire lærebøker som vart nytta på skolen.

Asbjørn Kloster var såleis vel budd då han 2.juledag 1859 heldt møte på skolen sin om fråhaldsarbeidet i England og Amerika, og bad dei møtande vere med og skipe eit totalfråhaldslag i Stavanger. Laget vart skipa 29.desember 1859, og av rundt 100 frammøtte teikna 30 seg som medlemmar. Det fekk namnet "Stavanger Yngre Afholdenheds Forening mot alle berusende Drikke", seinare "Stavanger Totalavholdsforening". Mange såg med stor skepsis på dette nye laget. Den gamle måteholdsrørsla - som berre arbeidde mot brennevin - hadde hatt mange av dei fremste mennene i landet som medlemmar. Men den nye totalfråhalds-

rørsla fekk småkårsfolk med: handverkarar, arbeidarar og småkjøpmenn. I byrjinga av 1861 hadde over 200 teikna seg som medlemmar.

Asbjørn Kloster la no all arbeidskrafta si inn for fråhaldssaka. Han heldt møte i Stavanger og dei næraste bygdene, og han la ut på langferder. Ei lang rad lokallag vart skipa, både i by og bygd. I 2 år budde han i Kristiania for å få fart på arbeidet der, og for å vinne større lesekrets for medlemsbladet han hadde skipa, "Afholdsbladet", som i 1861 fekk namnet "Menneskevennen" (Et Maanedsskrift af blandet Indhold til gavnlige Oplysning og belærende Underholdning). I bladet skreiv han nesten alt sjølv, og han omsette og tilpassa mykje stoff frå engelske fråhaldsblad.

Kloster prøvde å få til eit samarbeid med måteholdsrørsla for å vinne ho for totalfråhaldsprinsippet. Det måtte han gi opp, og dermed vart innsatsen sett inn for å bygge ut den nye totalfråhaldsorganisasjonen. Rørsla voks år for år, til ho i 1875 hadde 30-40 lag med 6-7 000 medlemmar. Dette året, den 9.juli 1875, vart Det Norske Totalavholdsselskap (DNT) skipa.

Asbjørn Kloster vart ingen gamal mann. Han vart sjuk hausten 1875, og i januar 1876 døydde han, vel 52 år gammal. I følgje Stavanger Amtstidende var det eit "næsten uoverskuelig følge" då fleire tusen følgde Kloster frå kvekarlokalet til kyrkjegarden.

Tidlegare alkoholistkarar bar Kloster til grava.

Eivind Hasle

PIONEEREN: Asbjørn Kloster skipa Det Norske Totalavholdsselskap (DNT) i 1875, med ca 30-40 lag og 6-7 000 medlemmar.

(Foto: Folket)

Saksa frå dagsavisa Folket 5/99. Bokn Bygdablad har fått løyve av forfattaren til å gjengi artikkelen.



Som dei fleste kjenner til står det ein bautastein ved kyrkja til minne om Asbjørn Kloster. Foto: JH



NYTT FRA FORVALTNINGSSTYRET



Forvaltningsstyret hadde møte den 17. mars hvor blant andre følgende saker ble behandlet:

- Arnold Håland fikk dispensasjon frå Plan-og bygningsloven for oppføring av leikehytte på sin hytteeigedom i Straumen.
- Jarle Jøsang fikk dispensasjon frå Plan- og bygningsloven for bygging av veranda på nausthytte i Straumen.
- Gunnar Grønnestad er pålagt å stenge eksisterande kloakkutslepp frå sin hytteiendom i Straumen. Frist ble sat til 01.07.99.

- Atle Jøsang hadde søkt om løyve til utslepp til Gunnarstadvatn frå ein ny boligtomt. Forvaltningsstyret nekte utslipp via sandfilteranlegg og ba om at tiltakshaver må finne alternativ løysning med infiltrasjonsanlegg.
- June Grønnestad og Frank Karoliussen fikk godkjent forslag til omdisponering av del av gangveg til boligtomt.
- Anna Hognaland hadde søkt om ombygging av et mindre uthus på sin boligeiendom i Straumen. Forvaltningsstyret anbefalte søknaden som ble oversendt fylkesmannen som dispensasjonssak i forhold til byggeforbudet i 100m- grensen til sjø.



NYTT FRA DRIFTSSTYRET



SAKER DEN 25. MARS 1999

OPPRETTING AV NY AVDELING I BOKN BARNEHAGE SOM EIN FAMILIEBARNEHAGE

Driftsstyret vedtok samrøystes framlegget frå seksjons-sjef barnehage om å oppretta ein familiebarnehage underlagt Bokn barnehage for eitt år, eller fram til ny barnehage er bygd.

Driftsstyret vedtok i tillegg til dette at administrasjonen – før saka går til vidare behandling i formannskapet - må leggja fram overslag over utgifter og inntekter for slik drift, med oversikt over korleis ev. meirutgifter skal dekkast.

Bakgrunnen for at saka kom opp, er at søknaden til neste barnehageår er større enn det antal plassar ein har til disposisjon.

Barne- og familiedepartementet har pålagt kommunane å ha full barnehagedekning innan år 2000.

Rammene for familiebarnehage er at ein kan ha inntil 5 barn inne på ein gong.

Ved å leggja ein familiebarnehage som ei avdeling tilknytta barnehagen, ville ein kunna dekkja det behovet ein har om småbarnsavdeling i barnehagen.

Ein familiebarnehage skal ha rettleiing av førskulelærarar, og ein tenkjer seg også elles ei form for integrering i barnehagen på ein positiv måte. Dette kan t.d. skje ved at familiebarnehagen er 1 dag i veka i Bokn barnehage.

NYE VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA

Driftsstyret vedtok samrøystes framlegg til nye vedtekter for skulefritidsordninga ved Bokn skule. Saka skal vidare til kommunestyret.

Bakgrunnen for saka er at det i den nye opplæringslova m.a. står at kommunen skal ha ei skulefritidsordning, at kommunen skal ha vedtekter for skulefritidsordninga, og at departementet gir nærare forskrifter om skulefritidsordninga.

Saka er fremma for å fylgja opp kravet til vedtekter etter den nye lova.

DELERINGSREGLEMENT FOR SEKSJON SKULE

Driftsstyret tilrådde samrøystes ovafor formannskap og kommunestyre rådmannen sitt framlegg til delegeringsreglement som var framlagd i sak D15.99.

I saka er det gjort framlegg om delegering av mynde til driftsstyret, samarbeidsutvalet ved skulen og rådmannen. Delegeringa til rådmannen er i det alt vesentlege avgjerder som gjeld einskildvedtak, medan delegeringa til samarbeidsutvalet helst gjeld avgjerder om den interne organiseringa i skulen. Delegeringa til driftsstyret som skulestyre er ikkje spesifisert, men gjeld meir overordna avgjerder, og i tillegg nokre få område som sannsynlegvis er lite aktuelle i Bokn.

SLEKTERS GANG

FØDDE

20.10.98	Rita Jensen og Gunnar Emil Bokneberg: <i>Mari Bokneberg</i>
08.01.99	Torunn Bokneberg og Kjell Olav Skjelde: <i>Joakim Skjelde</i>
20.01.99	Gry K. og Dag Atle Øvrebø: <i>Målfrid Kvinnesland Øvrebø</i>

DØDE

12.10.98	Sverre Øvrebø
----------	---------------

STATISTIKK

01.01.98 var folketallet i Bokn 773. 01.01.99 var det 752. Ein nedgang på 21 stk. gjorde at Bokn hadde den største nedgangen i innbyggjartal prosentvis (- 2,7%) i Rogaland i fjor. 9 blei fødde og 10 døde. 15 flytta inn medan 35 flytta ut, av dei 5 stk. til utlandet.

Fire kommunar til hadde i 1998 nedgang i folketallet; Kvitsøy (-1,7%), Sokndal (-1,1%), Sauda (-0,6%) og Suldal (-0,4%).

Tre nabokommunar hadde oppgang; Vindafjord (0,9%), Utsira (7%) og Tysvær, som opplevde ei folketilvekst på heile 159 stk. – til 8.665 innbyggjarar (1,9%). Tysvær hadde m.a. eit fødselsoverskot på 97 stk. (152 fødde og 55 døde).

Kilde: Regionalstatistikk 2/99

KONTANTSTØTTE POPULÆRT I BOKN

Bokn er den kommunen i Rogaland kor prosentvis flest foreldre nyttar seg av kontantstøtte, melder Stavanger Aftenblad. Heile 56% av alle boknarar som er i aktuell alder for kontantstøtte, får dette.

Avisa har gjort ei samanlikning av Rogalandskommunane, og det viser seg at dei rike kraftkommunane med gode barnehageordningar er dei kommunane som har dei lågaste kontantstøtteandelane i fylket. I Forsand, Suldal og Hjelmeland er det frå 31 – 36% av barn mellom eitt og tre år som får kontantstøtte. Konsulent Kirsten Vigane ved Fylkes-trygdekantoret i Rogaland seier til avisa at dei ikkje har undersøkt kva som kan vera grunnen til variasjonane i kontantstøttebruken, men det er nærliggjande å tru at barnehagedekning i kombinasjon med god tilgang til jobb gir noko av forskjellen kommunane imellom.

Ordførar Sigrunn Hole Hosaas seier til Stavanger Aftenblad at ho trur Bokn sin høge kontantstøtteandel skuldast bevisste valg frå dei unge mødrene si side. Ho viser til at kommunen valde å stenga ein barnehageavdeling for to år sidan fordi etterspørselen var for dårleg til å oppretthalda han. Foreldre til førsteklasingane ba også nyleg om at skulen organiserte seg slik at ungane fekk fri ein dag. Tanken var at dei skulle vera heime den dagen, og heller gå lengre på skulen dei andre dagane, seier ordføraren til avisa.

Ho seier vidare at desse mødrene ville nok vore heime uavhengig av kontantstøtta, og meiner at det ser ut til å vera ein trend blant småbarnsmødrene. Dei som ynskjer å jobba må dessutan ofte pendla eit stykke, og det gjer arbeidsdagen ekstra lang.

Rogaland fylke ligg over landsgjennomsnittet når det gjeld å nytta seg av kontantstøtteordninga. 40% av rogalandske barn mellom 1 og 3 år får kontantstøtte. Det tilsvarande talet for landsgjennomsnittet er 37%.

INNSKRIVING TIL 1. KLASSE

Innskriving av nye elevar til skuleåret 1999/2000 vil skje tysdag 27. april kl. 08.25 på Bokn skule.

Innskrivinga gjeld alle barn som har fylt 6 år innan utgangen av 1999 og har rett og plikt til opplæring etter § 2 – 1 i Opplæringslova.

Vi håpar foreldra kan møte fram innskrivingsdagen saman med sin 6-åring. Vi vil gjerne at foreldra er med og gjer innskrivinga til ei lita ”høgtidsstund” for dei nye skuleelevane.

Det vil bli sendt ut nærare invitasjon om program for innskrivingsdagen.

Bokn , den 7/4-99

Dag Halvorsen



HESTEPRESENTASJONAR AV BORK-MEDLEMMER

SÓLON FRA EY


Solon er ein svart og kvit islandsvallak. Han blei født på Island i 1987 og kom til Norge i 1996. Namnet Solon betyr "av fremmed opphav" og mammaen hans heiter Skjona som betyr "flekke"

Pappaen til Solon heiter Lettir som betyr "lett og elegant". Før han kom til oss budde han i Mandal. Eg fekk Solon ca to veker før jul i 1998. Han er veldig kosete og snill, men han har vilje!


Til vanleg rir me i lag med veninna mi Synnøve og fjordingen Lenda. Me rir også på Ognøy. Nå bur han på Susort i lag med ei islandshoppe som heiter Embla.

Eg har ikkje hatt han så veldig lenge, men me skal sikkert få det fint i lag!

Nina Berg Balazs – 13 år



Nina og Solon.
Foto: Elin Thorsen



Synnøve og Lenda.

Foto: Elin Thorsen

LEND!

Lenda er ein gul/kvit fjording på ca. 9 år. Ho bur på Eikje og eigar er Rolf Odland. Ho står på stall med to andre fjordingar og ein varmblods.

Den eine fjordingen er ein livleg krabat på snart eitt år, han heiter Sølv Jan. Den andre fjordingen er mora til Sølv Jan og er fire år, ho heiter Tine. Varmblodsden heiter Malo og er svartbrun, han er Om vinteren er dei ute om dagen, men inne om kvelden. Heile sommaren er dei ute på beite.

Lenda har vore med på mange distanseritt. På Ognøy vann ho kort løype i 1996. Ho hoppar bra og er for det meste ganske bra å ri på. Ho er grei med andre hestar, men på beite er ho sjefen over dei andre. Lenda elsker mat, spesielt havre, men sjølsagt et ho all den maten ho finn.

EUROPIPE II – NYTT FRÅ ODD R. GRESSLIEN PR. 31.03.99

I min forrige rapport om anleggs- virksomheten for Europipe II Landrør i Bokn kommune ytret jeg et ønske om at værgudene ville velsigne oss med godt vær slik at restaureringsarbeidene kunne utføres under de best mulige forhold. Dette ønsket har i svært liten grad blitt oppfylt, dessverre, det har jo stort sett regnet. På tross av dette skrider prosjektet jevnt og trutt fremover.

Siden sist er ventilstasjonen på Trosnavåg funksjons-testet, trykktestet og lekkasjetestet, med tilfredsstillende resultat, og gjenfylling av anleggsområdet er igang. Inne i kontrollbygningen er man igang med installasjonsarbeider.

Rørledningsgrøftene over Austre- og Vestre Bokn er nå stort sett tilbakefylt, og tilbakelegging av matjord og reetablering av den opprinnelige tilstand, så langt som praktisk mulig, både med hensyn til topografi og vegetasjon, vil utføres i tiden fremover. I og med at grøftene nå er tilbakefylt vil utpumping av grøftevann til Karmsundet være avsluttet, og med mye regn vil noe avrenning til de vannene som ligger langs anleggs-korridoren ikke kunne unngås. Dette ser vi tegn til allerede nå. En tørr vår og forsommer vil redusere denne avrenningen, og forhindre misfarging av vannene. Når det først har begynt å spire og gro i anleggs-korridoren vil avrenningen avta.

Rørledningen mellom Boknabergsvatn og toppen av tunnellen er nå klargjort for trykk- og lekkasjetesting ved at den er fylt med vann. Denne testingen er planlagt å finne sted rett over påske når utstyret som kreves til dette er tilgjengelig, etter at det er blitt benyttet for en del av Åsgard rørledningen på Kalstø. Som kjent bygger Statoil også Åsgard Transport landrøret mellom Kårstø og Kalstø, og det er samme entreprenør som brukes til dette, nemlig JV Kårstø Pipeline Contractors, med Selmer i spissen. Etter trykk- og lekkasjetesten vil tunnellen fylles fullstendig med en spesiell betong. Dette vil skje som en kontinuerlig støpeoperasjon og vare en ukes tid. Nederst i tunnellen er det allerede støpt

inn en betongplugg som skal holde stand mot resten av betongmassene når hele tunnellen fylles opp, etter påske. På toppen av sjakta er det installert et rørbend som er støpt inn i en veritabel betongkloss. Denne betongklossen vil fungere som et anker for rørledningen for å forhindre den i å bevege seg på grunn av de trykk og temperaturer som påvirker rørledningen under drift, og ankeret er festet til fjellet med lange, innstøpte og forspente tålliner.

Når det gjelder Boknabergsvatnet og forholdene der, ble det avholdt et møte med grunneierne den 24. mars, hvor Statoils planer for restaurering av området ble lagt frem og diskutert. Av tiltak som Statoil planlegger å utføre i forbindelse med Boknabergsvatnet, er utsetting av smolt langs hele vannet i juni, som et engangstiltak for å øke fiskebestanden i vannet. I tillegg vil Statoil bedre gyteforholdene i de to bekkene som krysses av rørledningen, ved reetablering av bekkene og utlegging av grus som er gunstig for gyting. Videre vil en tidligere badeplass i området bli reetablert. Utviklingen av siktedybden i vannet vil følges opp i tiden fremover. På grunn av de små leir-partiklene som er skyllet ut i vannet forbedres sikten svært langsomt, men det går den riktige veien, det har vår oppfølging og måling av siktedypet, siden august ifjor, vist.

De videre planer for Europipe II mellom Kårstø og Trosnavåg er at sammenkoplingen av sjø-ledningen i Falkeidflæet vil finne sted i april. Deretter vil de forskjellige rørdelene sveises sammen til en sammenhengende rørledning mellom Kårstø og Trosnavåg innen begynnelsen av mai, som så vil trykktestes, tømmes for vann, tørkes og klargjøres for gassfylling senere på sommeren, avhengig av ferdigstillingen av sjørøret mellom Bokn og Tyskland.

Frem til det tidspunktet vil arbeidet med restaurering av anleggsområdene være kommet langt. Og igjen, vi håper fortsatt på godt, tørt vær i tiden som kommer.

IKKJE VARIGE SKADER PÅ FISKEVATN I BOKN

av Øyvind Ommundsen, Statoil

Konsulentfirmaet Rådgivende Biologer i Bergen har på oppdrag frå Statoil gjennomført fiskebiologiske undersøkingar i vatn på Bokn. Føremålet var å dokumentere bestands-situasjonen i innsjøar som er berørte av Europipe II anlegget, og å vurdere behovet for eventuelle kompensierende tiltak.

Boknabergvatnet, Ulvåna og Gunnarstadvatnet vart alle prøvfiska med garn i oktober 1998, og det vart fanga fisk i alle vatna. Ulvåna og Gunnarstadvatnet hadde middels tette bestandar av aure. I Gunnarstadvatnet er det også ein middels tett bestand av røye. I Boknabergvatnet vart det kun fanga 3 aurar.

Rapporten konkluderar med at anleggsarbeida berre har hatt ubetydelege effektar på fiskebestandane. Under føresetnad av at vasskvaliteten blir tilbakeført til det som var normalt før anleggsarbeida tok til, og påverka gyteområder blir restaurert innan gytinga hausten (november) 1999, vil ein truleg ikkje kunne påvise endringar i fiskebestandane.

Boknabergvatnet er det vatnet som i størst grad er tilslamma som følgje av anleggsarbeida. Årsaka til at vatnet har svært lite fisk synest å være svært dårlege gyteforhold. Vatnet har få og svært små tilløpsbekker. Viktigaste gytebekken

frå gammalt av har vore utløpsbekken. For ein del år sidan vart denne lagt i røyr, og berre nokre få meter øverst opp kan i dag nyttast for gyting.

Statoil har i samråd med grunneigarane vurdert moglege tiltak for å styrke fiskebestanden i Boknabergvatnet. Dei fiskane som vart fanga i haust vart storkne for rogn før dei vart sette ut i vatnet att. Rogna vart lagt inn for klekking på Forskningsstasjonen på Ims, og i overkant av 2000 aureyngel vil vere klar for utsetjing i vatnet i sommar. Gytebekker som har blitt berørte av anleggsarbeidet vil bli restaurert. I tillegg vurderer ein å forbetre gyteforholda i utløpsbekken gjennom å skifte ut botnmassane i den delen av bekken som er open.

Vasskvaliteten i Boknabergvatnet var ved prøvefisket i oktober framleis prega av høgt partikkelinnhald og dårleg sikt, sjøl om det var ein klar tendens til betring. Utover vinteren har vasskvaliteten blitt fulgt opp med målingar av siktedjup. Dei siste målingane vart gjort i mars, og synte dei så langt beste resultata. Ennå må ein rekne med at det kan gå ei tid før vatnet er slik det var før anlegget starta. Ein må også vere budd på at det kan bli noko tilslamming i samband med restaurering av bekker og strandkant, sjøl om mykje blir sett inn på å redusere dette til eit minimum.

BYGDEBOKA KJEM!

Finn fram raudpennen!


Arbeidet med bygdeboka for Bokn er nå komen så langt at den slektshistoriske delen for heile kommunen er ferdig. Den omfattar i hovudsak perioden frå 1500-talet fram til dags dato.

At me fører slektshistoria heilt fram til i dag, gjer samstundes at me har vore avhengige av kva folk hugsar og veit. For i størst mogeleg grad å rydda vekk både stavefeil av namn og sikra at me har med rette årstal, legg me i fyrste halvta av mai ut slektshistoria slik at familiane det gjeld, sjølv skal kunna kontrollere sine.

I dei tilfelle data manglar, t.d. kva tid par gifta seg, kva tid folk døydde og kvar dei f lytta hen/bur nå, vil me gjerne at de noterer det i den utskrifta av manuskriptet som blir lagt fram.

Om de i tillegg har generelle synspunkt anten det gjeld for eller innhald, er me takksame for det. Elles vil det liggja ved forklaring og brukarretteleing til det manuskriptet som blir lagt ut mellom anna i forretningane og andre stader der folk møtest. Så håpar me at de alle blir med på å laga ei best mogeleg bygdebok.

Birger Lindanger




KOMMUNEBLOMEN VÅR

Når kusymren (kusomen) blømer er det tid for å sleppa kyrne på beite. Det er dette som har gitt planten namn. Visste du forresten at det er mauren som gjer at kusomen sprer seg?

I Noreg finn me kusom (nøkleblomfamilien) frå Aust-Agder til Nordland, men med tyngdepunktet på ytre Vestlandet. Planten veks også i Danmark, men ikkje i Sverige og Finland.

Planten blømer tidlig om våren, såleis spelar han noko av same rolle på Vestlandet som blåveis gjer på Austlandet. Og på same måte som med blåveis på Austlandet har det vore vanleg at barn skulle eta den første kusomen dei fann om våren!


I motsetning til den nære slektningen marianøkleblom, som har ein stengel med fleire blommar, kjem



blomsterstilkane med enkeltblomar direkte frå rota. Når han er avblomstra, blir blomsterstilkane slappe og legg seg pladask på bakken med kapselfruktane liggjande på jordoverflata. Fruktane inneheldr frø som kvart har eit lite vedheng, eit "elaiosom", som verker svært tiltrekkande på maur. Maur hentar ut frøa og fraktar dei med til tua. På denne måten er det altså mauren som hjelper til at kusomen sprer seg.

Blomen skal nyttast i særskilde marknadsføringstiltak i kommunen og næringslivet, og som botanisk symbol. Han kan også nyttast i brukskunst, i souvenirsamheng, på T-skjorter, brevark, m.m. Arbeidet er forsinka, m.a. fordi me ikkje finn eit skikkeleg bilde av han, som kan brukast som mal. Me reknar med at dette ordnar seg denne våren, og at profileringa av kommuneblomen vår kjem skikkeleg i gong seinare på året, og ikkje minst til kommunen sitt 150-års jubileum neste år.

At kusomen gjer inntrykk på folk med tilknytning til Bokn, finn med eit døme på i "Mindebogen for Boknefolket" utgitt av pastor A. Buckneberg i 1929: *Det var pent i Bokn om sommeren naar græsset stod høit og med alle slags variationer av blomster. Husker du Terletungen, den gule og røde og blaa? Husker du Hjerte-græsset og den deilige blomst, Kusommer?*



Ivan tsarevitsj og den grå ulven og andre russiske folkeeventyr

I boka finn du ti av dei mest populære russiske eventyrene i norsk oversetting, illustrert av russiske barn ved kunstskulane i Murmansk og Nikkel.

I fororda skriv redaktøren at eit ynskje med boka er å visa kva barna på kunstskulane får til ved hjelp av fantasi og fargar – fargar som står i skarp kontrast til det bildet mange nordmenn har av dei nemnde byane. Boka på 133 sider og i A4-format skal også gjera dei russiske eventyra kjende slik at norske barn kan gleda seg over det same som russiske barn har gleda seg over i generasjonar.

Russiske folkeeventyr er ikkje så ulike våre, men du vil merka at dei er blitt til under framande himmelstrøk.

- Opplev den spennande russiske eventyrverda!
- Les om tsarsøner og tsardøtre.
- Gled deg over eksepsjonelt vakre farge-illustrasjonar, laga av små kunstnarar i alderen 5 – 16 år!

Lån boka på biblioteket!

Tekst & foto: Jardar Havikbotn

Det er nytt i Bokn med økonomisjef, men Solrunn Alvestad er ikkje ny i Bokn. Ho er nemleg dotter til Synnøve og Henry Alvestad. Etter 10 år i Haugesund som personalleiar for sektor for omsorg begynte ho i den nyoppretta stillinga som økonomisjef i kommunen.

Dialekten til Solrunn er kanskje litt prega av at ho har budd 15 år i Drammen og Kristiansand. Der jobba ho i Televerket. 43-åringen er utdanna svakstrøms-teknikar. Seinare har ho tatt økonomi og administrasjon ved Distrikthøgskulen (DH).

Solrunn hadde lyst å jobba meir med økonomibiten i yrket sitt, og jobben i Bokn verka spennande. - Det er klart eg har god ballast med meg frå Haugesund, smiler ho, og ristar på hovudet når eg spør om ho blei lei av pendlinga. - Å pendla kan vera både positivt og negativt.

Kva jobbar så ein økonomisjef med. Ho fortel om rekneskap, budsjett; investeringsplan, finansieringsplan, handlingsplan, årsmelding, overordna personalansvar, internkontroll, personalpolitisk plan, rapporteringsrutiner og innføring av KOSTRA. Dette siste er eit kommune/statsrapporteringssystem som alle kommunar må ha i drift i 2001, og for å ivareta dette trengs eit nytt økonomiprogram. Elles i stillinga er ho sted-

fortredar for rådmannen.

Ho har mykje å gjera, men ho synest det er gøy å jobba. Etter tre månader i kommunen har Solrunn vist seg som eit arbeidsjern som lar gleden og gløden over å jobba gjera sitt til at ho klarer ein hektisk arbeidsdag. Kor får ho overskot frå? - Eg trenar på helsestudio i Aksdal, får eg raskt som svar.

Solrunn blei, når ho blei ansatt som økonomisjef, fritatt for dei politiske verva sine. - Å vera polititar og å jobba i kommune administrasjonen går ikkje saman, meiner eg, men eg trur at eg som polititar har lært litt om kva som blir forventa av administrasjonen.

Ute på Grønne- stad bur ho saman med ektemannen Odd Grønnestad og dottera Oddrun (4). Mange kjenner til at Solrunn har store husflidsevner, og ho driv også *Hobbybrakka*. Ho har

hatt ope dei fleste vekedagane, men vil no redusera denne drifta. Av fleire store handarbeidsbragder kan nemnast at ho stod bak gáva til Kongen då han opna Rennfast i 1991, og det såkalla "Kongebildet" handla om næring og flora i Bokn. Solrunn er også meisteren til kulturprisen i 1993, då Eivind Øvrebø fekk eit flott tekstilbilde. På 17. mai kan du sjå på fanen til Bokn Musikkorps (som det tidlegare stod Bokn Brass på), eit fint stykke handarbeid som er med på å understreka økonomisjefen vår sin arbeidskapasitet.



FRA ÅRSMØTET I BOKN NÆRINGSFORUM

Labert - men interessant !

15.mars holdt Bokn Næringsforum årsmøte.

Fremmøtet - 10 personer - gjenspeiler litt av forumets problem, at interesse og oppslutning om et slikt forum i Bokn er relativt laber!

De som møtte hadde likevel en intressant kveld. Kjell Netland, som er leder av styret i Haugaland Næringsutvikling (HNU), orienterte om HNU's gjøremål, og litt om mulig fremtidig organisering av denne organisasjonen.

Årsmøtesaker

Under behandling av årsmelding for næringsforumet ble det bemerkt at meldingen gjenspeiler mye reiseliv og lite om øvrig virksomhet, selv om det har vært stor aktivitet på mange områder. Regnskap og budsjett ble vedtatt. Styret ble pålagt å finne en ny modell når det gjelder medlemskontingenten, gradert etter medlemsbedriftens størrelse. Nytt forslag legges frem på neste årsmøte. Sigmund Alvestad ble gjenvalgt som leder og Geir Magne Knutsen som nestleder. Kari Christensen er sekretær, May Jorunn Vatnaland kasserer (ny) og Erik Våga styremedlem.

Personlige varamedlemmer er (i samme rekkefølge) Svein Kro (ny), Rune Øvrebø, Vidar Grønnestad, Tor Harald Alvestad (ny) og Sigurd Johnny Svendsen (ny). Som revisor ble Svein Ove Alvestad gjenvalgt.


Næringenes uttalelser til kommuneplanen

Den aller viktigste saken på dagsorden nå er kommuneplanen. Styret vil innkalle de største næringene i Bokn til et kontaktmøte mandag 26. april. Planen blir deretter diskutert i et medlemsmøte 3.mai, og deretter i styret - hvor det skal utarbeides en felles uttalelse for næringene i Bokn.

Kari Christensen

*Så kommer våren, og våren er
ei lita gulgrønn jente som kaster farger opp av
kurven sin og setter fuglene tilbake i
trærne og henger sola høyere opp på
himmelen og gir den varmere stråler. Hun tar
isen av vannene og putter god gurglelyd i
bekken igjen - og menneskene får tynnere klær og
varme smil, og kanskje høye iskrem å bære på.*

Anild Nyquist



BOKN KOMMUNE
KULTURKONTORET

PÅMELDING TIL MUSIKKSKULEÅRET 1999/2000

Pr. i dag kan ikkje kommunen åleine gi eit tilfredsstillande og breitt tilbod slik intensjonane er for ein musikk- og kulturskule i dag. Samarbeidet med Tysvær og ev. andre musikk- og kulturskular på Haugalandet kan likevel gjera det mogleg at ynskjene folk kjem med blir realiserte. Då må elevane rekna med å reisa eit stykke for å få undervisning.

I Bokn kan desse aktivitetane bli sette i gong:

Piano
Keyboard
Tverrfløyte
Gitar

Desse halvårssatsane gjeld:

Einetime (30 min./veke / 22.5 min./veke 800/600
Instrumentalgrupper (90 min./veke)
600

Kor, leikarring, drama m.v. (90 min./v)	465
Aspirantopplæring	465
Instrumentleige pr. semester	215

Syskenmoderasjon

Gis med 30% på den rimeligaste aktiviteten.

Påmeldingane blir registrerte i rekkefølge etterkvart som dei kjem inn. Dette blir gjort i tilfelle ventelister. Det er inga aldersgrense i musikk-skulen.

Har du spørsmål om musikkskule-påmeldinga tar du kontakt med Jardar på kulturkontoret.

For påmelding, enten det er på eit tilbod i Bokn eller ynskje om ein annan aktivitet, ring eller skriv til kulturkontoret om kva du/dykk er interessert i.

HOBBYBRAKKA

Hobbybrakka vil frå 15. april ikkje ha faste opningstider som tidlegare. Eg opnar etter behov, men det er ein fordel å ringe først, for å vere sikre på at det er folk heime.

Elles er det no tid for å sjekke bunaden - og eg har husflidsstoffer og skjorter til kvardagsbunad og diverse tilbehør til ordinære bunader.

Med hilsen

Solrunn, tlf. 52 74 84 03 eller mobil 95 23 51 00

PÅ KORKURS MED PER ODDVAR HILDRE

12. – 14. mars var me for andre gong på korkurs med den kjende songpedagogen Per Oddvar Hildre. Kurset er i regi av Folkehøgskulen på Karmøy, og blei i år halde i Norheim Kyrkje. I år var det femte året på rad kuset blei arrangert.

Kurset er ope for alle songglade, og alle kan melda seg på. Flesteparten av songarane er elevvar frå folkehøgskulen. Det er ei oppleving å få delta med ein så inspirerande dirigent som Hildre er.

Me starta fredagen med ei intensiv innøving av songar, og heldt fram heile helga før me avslutta med konsert søndag kveld. Me var temmeleg forvirra av forskjellige stemmar og tekstlar før konserten, men på ein utruleg måte klarar Hildre og sy det heile saman til ein omtrentleg knirkefri konsert, der publikum óg får vera medaktørar.


Det blir nytt kurs igjen neste år i Akra kyrkje 17. – 19. mars. Me blei oppfordra til å få med oss fleire ifrå Bokn, så ta kontakt om dette er av interesse.

Venevil, Oddrun og May Jorunn



Fv. Oddrun H. Nilssen, Per Oddvar Hildre, May Jorunn Vatnaland og Venevil Birkelund

Foto: rektor v/Karmøy folkehøgskule




BOKN KOMMUNE
SEKSJON BARNEHAGE
5561 BOKN

OPPTAKET AV BARNEHAGE- PLASSAR 1999/2000

Grunna stor pågang på plassar i barnehagen vil det i år ta noko tid med opptaket av barnehage-året 99/00. Dette på grunn av regjeringa si målsetting om full barnehagedekning innan år 2000.

I den forbindelse ser ein no på tiltak for å klara denne målsettinga i Bokn Kommune. I håp om å finne ei løysing på korleis ein skal nå denne målsettinga, vil ein avventa opptaket noko.



BOKN KOMMUNE
SEKSJON HELSE
5561 BOKN

FERIEVIKARAR I HELSESEKSJONEN!

Det nærmar seg sommar igjen, og ved sjukestova treng vi vikarar for å kunne greie å avvike feriane til dei tilsette. Har du lyst til å arbeida kortare eller lengre tid i løpet av sommaren, sender du oss ein søknad kor du oppgir tidsrom du kan arbeida og kor stor stillingsprosent du kan tenkje deg.

Søknadsfrist : 8. mai – send søknaden til Helseseksjonen v/ Gunn Grønnestad, 5561 Bokn.

SKRIBENT I BYGDABLADET?

Likar du å skriva og bruka dei kreative evnene dine – kvifor ikkje bruka dei i Bokn Bygdablad? Produktet ditt kjem i så fall ut til over 500 hufstandar, og blir også lesne av aviser, radio, TV, andre kulturkontor og bibliotek. Honoraret

er frå 150 til 300 kr. pr. side for det stoffet som blir brukt i bladet.

Denne oppfordringa gjeld særleg vidaregåande skuleelevar og studentar.

Interesserte tar kontakt med redaktøren!

RØDE KORS HJELPEKORPS STARTER OPP PÅ NYTT

av Susanne Grønnestad og Elise Marie Tollaksen

Som de fleste sikkert har oppdaget, har det vært en del aktivitet i Røde Kors-brakken i det siste. Grunnen til det er at Røde Kors hjelpekorps nå blir startet opp igjen. Det er Kjell Frode Lie og Kaj Arne Christiansen som er den store drivkraften i dette. Men, noen hjelpere har de. På brakken er det nå blitt ryddet, ommøblert, og vasket, slik at det nå er klar til oppstart. Men det som mangler er medlemmer. Og da er det nettopp deg vi trenger!

Som sikkert alle vet har det tidligere vært stor aktivitet i Røde Kors på Bokn. Problemet den gang var at de ikke fikk med nok unge som medlemmer. Folk mistet interessen, og dermed var det ingen som kunne drive dette videre. Til slutt stoppet all drift opp...



Noen i troppen samlet til øvelse i 1991.

Foto: Røde Kors

Nå nylig fikk Bokn Røde Kors hjelpekorps melding om at hvis ikke det ble startet opp noe korps snarest, måtte alt av utstyr leveres inn. Det ville vært synd å måtte gi fra seg den siste sjansen til å starte opp korpset igjen. Derfor tok Kjell Frode og Kaj Arne initiativet til å starte dette opp. Med seg fikk de en liten gjeng med hjelpere. Men det er for få av oss, og vi trenger flere.

Det blir nå satset i hovedsak på ungdommene i fra ungdomsskolen og oppover, med håp om at de også tar initiativ til å være med å drive dette videre. Men "veteranene", og alle dere andre som synes dette høres spennende og interessant ut er også hjertelig velkomne.

For kort tid siden ble det hengt opp plakater om første-hjelpskurs, men for få viste sin interesse, og det ble ikke noe kurs den helgen. Ikke vet vi hva som skjedde, eller hvor det sviktet, men vi gir ikke opp så lett!

Ut over våren vil det bli lagt mye vekt på sosialt

samvær. Det skal være gøy å være medlem i Røde Kors!

Vi skal blant annet være mye ute i naturen, delta på leirer og kurser, og arrangere kurser og øvelser selv. Men tro ikke at vi bare skal trene på førstehjelp. Selvfølgelig er det

hovedsaken

i det vi driver med, men det er også viktig å være sosiale. Vi skal ha flere arrangementer, og tar gjerne i mot forslag fra nettopp deg. Men som sagt; det viktigste er at vi nå kommer i gang.

Møtene vil sannsynligvis bli annen hver tirsdag. På hvert møte lærer vi litt om et tema. For å være sikre på hva vi kan, tester vi våre kunnskaper ute i det fri! Det kan være i form av en øvelse eller praktisk gjennomgang.

10 gode grunner til å bli med i Røde Kors hjelpekorps:

1. Uavhengig:

Du knytter deg til en bevegelse som arbeider i inn- og utland, uten hensyn til rase, tro eller politisk tilhørighet. Røde Kors setter mennesket i sentrum, og vil fremme gjensidig forståelse, vennskap og varig fred mellom folk.

2. Vennskap:


Du kan dessuten få nye venner og utvidet sosialt nettverk ved selv å være aktiv i Røde Kors.

3. Miljø:

Du kan engasjere deg i internasjonalt solidaritetsarbeid via ungdommens Røde Kors (URK) - fordi kunnskaper om miljø, kultur og natur blir stadig mer aktuelt.

4. Aktiviteter:

I Norge finnes det 465 lokalforeninger som er til stede der folk er. Alle avdelingene tilbyr ulike former for



Kjell Frode Lie er markør med spjelka bein under øvelsen høsten 1991.

Foto: Røde Kors

aktiviteter, og du kan selv velge i hvor stor grad du vil engasjere deg.

5. Spesialfelt:

I tillegg til våre generelle aktiviteter har vi også tilbud til deg med spesielle interesser i fire spesialavdelinger: Barnehjelpen, Besøktjenesten, Ungdommens Røde Kors og Hjelpekorpsen.

6. Fordeler:

Medlemskortet gir deg rabattordninger og fordeler. Du mottar også medlemsbladet Tankekors, som holder deg orientert om vår virksomhet i inn- og utland.

7. Barn i nød:

Røde Kors driver Barn og unges kontakttelefon, der du kan melde deg som telefonvakt. For i høytider og ferier avdekkes det at norske barn savner voksenkontakt, og ofte går alene med sine problemer.

8. Verdens største:


Du blir med i verdens største humanitære organisasjon, som har rundt 128 millioner medlemmer i 163 land verden over.

9. Utvikling:

Blir du med nå kan du være med å utvikle organisasjonen til dagens krav. Samfunnet blir stadig mer komplisert og omsorgen svikter på mang felt, både i Norge og i resten av verden. Vi trenger din hjelp til å utvikle Røde Kors i riktig retning.

10. Bry deg:

Du får muligheten til å vise din omsorg og omtanke for andre medmennesker, samtidig som du får



Etter en øvelse ute i det fri er en matpause vel fortjent.

Foto: Røde Kors

utfordringer og evnen til å forstå andre mennesker øker.

Nå håper vi på at flere melder sin interesse. Lurer du på noe eller har eventuelle spørsmål, ta kontakt med Kjell Frode eller Kaj Arne.

Da snakkes vi på neste møte!

Med vennlig hilsen

Bokn Røde Kors

Hjelpekorps.

FRA ÅRSMØTET I BOKN MUSIKKORPS 16.02.99

Møteleder: Ingebjørg Larsen – Referent: Lillian Grønnestad

- Årsmeldingen for 1998 ble opplest og godkjent.
- Regnskap for 1998 og budsjett for 1999 ble godkjent uten endring.
- Kontigenten blir 150 kr. for aktive medlemmer som før, og den blir 50 kr. for støttemedlemmer.
- Valg: Disse går ut av styret:

Ingvild Sæbø
Elly Borgenvik
Ingebjørg Larsen
Kristine V. Kvinnesland

Kristine har sagt seg villig til å stille til valg, og ble dermed gjenvalgt for ett år. I tillegg ble Marie Faye valgt inn i styret. Anita Bokneberg og Dagny Kjellesvik ble valgt inn som varamedlemmer. Styret konstituerer seg selv på første styremøte.

- Revisor: Lindy Haram takket nei til videre revisorarbeid. En stor takk til henne for innsatsen hun har gjort. Trond Vatnaland har sagt seg villig til å være revisor, og ble valgt.
- Øyastemnet i Bokn i 1999?

Det var ikke stemning for å ha dette arrangementet i Bokn.

- Revy?

Det var god stemning for at korpset skulle stå som arrangør for en ny bygdarevy høsten 1999. Korpset har derfor sagt ja til dette.

ÅRSMELDING

Styret har sett slik ut:

Formann: Ingebjørg Larsen
Nestform.: Kristine V. Kvinnesland
Sekretær: Lillian Grønnestad
Kasserer: Per Helge Sunde
Styremedl.: Oddrun H. Nilssen
Varamedl.: Ingvild Sæbø
Elly Borgenvik

Medlemsoversikt pr. desember 1998:

Voksenkorps:

Bianca Alvestad
Dagny Kjellesvik
Torhild Svendsen

Torunn Bokneberg
 Kristi Laupland
 Hanne Jorunn Rasmussen
 Anita Bokneberg
 Linda Ognøy
 Ann Jeanette Sunde
 Jonne Holm
 Tone B. Høyland
 Wenche L. Havikbotn
 Marita Svendsen
 Oddrun H. Nilssen
 Lillian Grønnestad
 Rannveig Foss
 June Grønnestad
 Hege Sunde

Juniorkorps:

Camilla H. Birkeland
 Merete Bryningsland
 Kristina Faye
 Merethe Ø. Almås
 Eirik Veia
 Lars Øyvind Alvestad
 Irene Kro
 Rebecca Sæbø

Arrangementer i 1998:

Mars: dans
 Mai: 17. mai-feiring
 August: bingo
 Oktober: auksjon/loppemarked
 Desember: luciafest

SLUTTORD

Styret har hatt 9 styremøte i 1998.

Øyastemnet skulle dette året vore på Bokn, og innbydelsar blei sende ut til dei aktuelle korpsa. Dessverre var responsen så liten at arrangementet måtte avlysast. Korpset har arrangert ein dans (våren), men det blei bestemt at ein ikkje skulle ha fleire då denne gjekk med underskot.

Me har også arrangert to bingoar, auksjon/loppemarked og luciafest. Alt dette gjekk svært bra, og både medlemmer og foreldre er flinke til å stille opp på arrangementa.

17. mai spilte korpset i toget, i kyrkja og utanfor Boknatun. Me hadde og lynlotteri, ballkast, pilkast og bunaddokke som vanleg denne dagen.

Drilljentene hadde Hilde Louise Sæbø som instruktør fram til sommaren, men frå hausten av begynte dei to yngste som messingaspirantar. Det har derfor ikkje vore drilljenter det siste halvåret.

Trygve André Tvedt var dirigent for korpset fram til sommaren. Etter sommarferien blei korpset inndelt i to gruppe; eit voksenkorps og eit juniorkorps. Simon Kerwin blei då dirigent for voksenkorpsset, som har fått mange nye medlemmer denne hausten. Me har hatt øving annakvar tysdag. Det har vore god stemning i korpset, og det verkar som folk trivest. Me har hatt litt problem med lite folk, men aspirantane har no begynt å vera med på somme øvingar saman med voksenkorpsset. Dette har fungert veldig bra.

Voksenkorpsset spelte på auksjonen, medan begge korpsa spelte på luciafesten. Julaftan var begge korpsa på plass i kyrkja.

1. oktober var juniorkorpsset på kosekveld i Haugesund, me var både på kino og spiste pizza. Dette var svært populært, og det blir oppfordra til gjentaking.

I tillegg til dette har korpset veldig god økonomi, så no ligg alt til rette for at 1999 skal bli eit bra år for korpset.

Det nye korpsstyret:

Formann: Lillian Grønnestad
Nestform.: Marie Faye
Sekretær: Oddrun H. Nilssen
Kasserer: Per Helge Sunde
Styremedl.: Kristine V. Kvinnesland
Varamedl.: Anita Bokneberg

Alle lag og organisasjonar i Bokn er velkomne til å setja inn referat, annonser og anna informasjon i bladet.

Spalteplassen er gratis!

VÅR VISE

*De'r linnvær i skogen,
 det pipler tå gren,
 det varmer om hjarte
 og tiner kring sten.
 Kom inn-åt meg jente,
 no er du så pen.*

*Det følger e vise
 med vær og med vind:
 Kom inn-åt meg jente
 med blømkjåkan din.
 Det smalar i isen,
 det smelter og rinn.*

*Det blonker i vatten
 og blinker i tårn.
 En blåveis har vakne,
 i barflekken står'n.
 Kom inn-åt meg jente,
 for no er det vår'n.*

Einar Skjæraasen



LÅTT OG LØYE


med Vegar og Lars Morten



Hørt om den svenske bokseren som ble så sint da han ble slått ned at han telte til 10 før han reiste seg.....!!!

HA HA HA


Vet du hva som står på kilometertelleren til en lada når den passerer 20000 km? GAME OVER!!!



Ole viser mor karakterkortet og mor spør kva LG betyr. "Læreren gratulerer!!!"

-mamma, mamma!
Alle mobber meg fordi jeg har så store tenner!

-Neida, gutten min, men løft nå hodet så du ikke riper opp parketten....



- Hvor ble du påkjørt?
- Rett foran bilen.....




Faren min er sprø. I går så solgte han bilen sin for å få rå til å kjøpe bensin...

- Har du hull i ørene?
- nei
- Hvordan kan du høre da!

- Så svær leilighet du har!?

- Du skjønner, jeg har slanket meg!

Jeg vil gjerne kjøpe den vakthunden jeg så på i går.
- Desverre den ble stjålet i natt!?



Og så var det brannmannen som fikk sparken fordi han var redd for slanger....



Vet du hvem som fant opp puslespillet? en skotte som mista en tier i kjøttkverna....

PÅ KRYSS OG TVÆRS

Vinnarar av marsoppgåvene blei:

Oppg. 1 : Karl Henrik Økland

Oppg. 2 : Therese Våge

GRATULERER!

(Ingjerd Thuestad og Jardar Havikbotn har stått for trekninga).

Vinnarane vil få kvart sitt Bingoflax-lodd.

LØYSINGAR, MARS: Oppg. 1

		ikke inn	kjøre- tøy	D	små frukter	går på skinner
grønn- saker	G	U	L	R	O	T
dessert	rep hage- r.skap	T	A	U	legems del	O
I	S	ligger vi i	S	E	N	G
	P	hagen	T	R	E	del av genser
dyr	A	P	E	titte 7 dager	S	E
	D	pil og __er	B	U	E	R
gutte- navn	E	R	I	K		M
		doktor	L	E	G	E

Oppg. 2

T	E	D	D	Y	B	J	Ø	R	N
J	U	R		S	J	Ø	V	E	I
Æ	R	A		T	E	K	E	N	
R	O		D	E	R	E		T	O
E	P	L	E		K	L	O		B
	E	I	M	E			G	R	E
L	E	G	O		E	S	S	E	R
I	R	A	N		S	L	Å	S	S
M			E	N	K	E		E	T
E	T	E	R		E	I	E	R	
R	Å	D		Å		V	I	V	I
	R	E	I	S	E		K	E	N
F	E	R	T	E	N		E		D
E	N			N	E		R	Y	E
M	E	H	E			H		E	R
T		V	I	L		V	E	N	E
I	L	E		E		A	T		
T	U	R	I	S	T		T	Æ	R
R	E		D	E	I	G		R	A
E	R	T	E	R		Å	P	E	N

Trykkeriet beklager at ordet ENKE midt i kryssordet ikkje kom med under trykking. Ordet stod i originalen som blei sendt på diskett frå kulturkontoret, og med tanke på at dette har gått fint før er det heile uforståeleg. Bygdabladet set ikkje inn dette kryssordet u-løyst ein gong til, for ordet stod på det skrivet som gjekk til alle registrerte inn-sendarar, og det er mange etter-kvart.

Likevel klarte Karl Henrik Økland på Hjellestad å løysa kryssordet heilt rett, utan ordet ENKE – ein stor prestasjon!

APRIL

April kommer av det latinske ordet *aperire* som betyr å åpne.

I denne måneden åpner jorden seg for solen og den nye sæden. Ordet kan også ha sammenheng med den greske fruktbar-

hetsgudinnen *Afrodite*.


April er årets fjerde måned og har 30 dager. I den gamle romerske kalender var den den andre.

Gamle norske navn på april er *gressmåned* og *vårmåned*. April skulle være en god måned å gifte seg i, og den

rette tiden for å avvenne diebarn: En rekke gamle rim fremstiller april som en kvinne: *Ho aprila møy*. I gamle dager het det at tordenvær i april ville gi god avling, og aprilsnø ble kalt fattigmanns gjødsel. *Typisk april-vær* sier vi om

de skiftende værforholdene i april. Nå tar vinter og vår de siste nappetakene, men det er heldigvis ingen tvil om hvem som vinner.


Henta frå boka *En bok om hele året – for hele familien* av Norlin, Roeim og Tonholt.



Innleveringsfrist: 30. april



Namn:

1



2

PUSLEKRYSS



ORDENE
SOM SKAL
BRUKES
I PUSLE-
KRYSS

3 bokstaver
GAP
GUL
LØK
OST
SØM

5 bokstaver
BLIKK
GLASS
GLØGG
LOMME
PLIKT
RETUR
ROSLIN
TJERN
TVANG
ØNSKE

4 bokstaver
ETAT
FURU
REVV
ROGN
STIL
TRIM
TYNN

6 bokstaver
KALKUN
PÅFUGL
SPERRE
VEKSEL

7 bokstaver
ELENIG
FAGBREV
GATELYS
ISBOLLE
LAKSKO
LENGSEL
SNEKKER
ØRERING

10 bokstaver
REKKEFØLGE
SUKKERTOPP

BOKN H-LAG

- Dagligvarer
- Bensin–Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

SMARKED

ETTERLYSNING!

Kan dere som har fått blomster hjem etter de to siste 17. mai-arr. levere tilbake de hvite skålene som oppsatsene var i – slik at vi kan lage nye oppsatser i år.

Skålene kan leveres på Hagedagen 8. mai, eller til noen i styret.

Bokn hagelag

Takk til store og små for ein uforglemmelig 60-års dag!


hilsen Steinar

Hjertelig takk for hilsener, gaver og blomster til min 60-års dag!

Else Kjellesvik

Du er velkommen med gratis takkeannonse i bladet!

Datakurs i Bokn



Me har no hatt to parallelle nybegynnar-kurs i data, som vert avslutta i desse dagar.

Det har vore på tale å fortsetje med eit lite vidare-gåande kurs i vår. Dette vil me no utsetje til hausten, då kveldane no er lyse og sommaren nærmar seg.

Dersom det er interesse er det sannsynleg at me startar både nybegynnar- og vidaregåande-kurs til hausten.



**KIRKENS
NØDHJELP**


Sammen for
en rettferdig verden

FASTEAKSJONEN 1999

Til Kirkens nødhjelp blei det samla inn kr. 13.787,-

I bøssene til konfirmandane var der til saman kr. 11.337,- medan kr. 2.450,- var etter offer i kyrkja.

BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

4150 Rennesøy

Tlf. 51 72 36 15 Mobil 94 67 28 48

HALLO, NABOAR I NORD!

Me er eit entreprenørfirma fra Rennesøy som driv med gravemaskinar, 4 stk. fra 1,5 til 20t. Har også tippbilar.

Me utvider gjerne arbeidsfeltet vårt og reiser gjerne over fjorden for oppdrag.

Me utfører alt innan graving og transport. Fjell er ingen hindring. Me forhandlar plast- og sementrøyr, samt alle typar av sand, singel og grus.

Ta gjerne kontakt for ein uforpliktande samtale.

Vennlig helsing Bjørn Lindanger

tlf.	dag	946 72 848
	kveld	51 72 36 15

FOR SALG

- Aluminiumsstang, kr. 12,- pr. meter
- Aluminiumsdrivhus
- Jordfreser
- Hageverktøy
- Bruktmøbler
- Båtutstyr

Tlf. 901 40 358

TILBUD

STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Jakob Ullenes,
4150 Rennesøy*

51 72 32 87


946 70 873

**Nær
Butikken**

- for stort og smått

Nå har me fått

VIDEO- UTLEIGE



Alvestadkroken Landhandel

Norsk Tipping – Tankanlegg
5561 Bokn Tlf. 52 74 83 14

Me har ope:

Måndag – torsdag 09.00 – 17.00

Fredagar 09.00 – 18.00

Laurdagar 09.00 – 14.00

Velkommen til ein hyggeleg handel!

Helsing Tor Harald & Marit

Regatta Flyteprodukter til fordelaktige priser!

- Flyte / arbeidsdresser:

Div. modeller fra kr. 1.490,-

- Vannavstøtende, vindtette og varme flytegensere:

Div. modeller fra kr. 1.450,-

- Redningsvester for barn og voksne:

Mange forskjellige modeller fra kr. 299,-

- Flytevester:

Div. modeller fra kr. 229,-

Alle produkter er bestillingsvare.

Noen av produktene kan sees og prøves.

Alle priser er inkl. mva.!

Fritt levert Bokn

NILSSEN & HØYLAND A/S

TLF. 52 74 86 74 / 916 13 339 / 911 27 101



Ved oppringing etter kl. 15.00 må
ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord	
52 75 25 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard
52 75 25 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad
52 75 25 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye
52 75 25 07	Kommunekasserar	Harald Bokneberg
52 75 25 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Karin Svendsen
52 75 25 11	Økonomisjef	Solrunn Alvestad
52 75 25 15	Telefaks Boknatun	
52 75 25 30	Bokn sjukestove/vakt	
52 75 25 34	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar	Laila Nemeth
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag
52 75 25 43	Helsesøster	Eva B. Svendsen
52 75 25 45	Biblioteksjef	Linda Ognøy
52 75 25 47	Ordførar	Sigrunn H. Hosaas
52 75 25 47	Kyrkjeverge	Svanhild Alvestad
52 75 25 50	Rektor/seksjonssjef sku-	Dag Halvorsen
52 75 25 51	Undervisningsinspektør	Ingjerd Thuestad
52 75 25 54	Barnevernleiar	Eva Moi
52 75 25 66	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard
52 75 25 67	Telefaks skulen	
52 75 25 70	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth
52 75 25 80	Tannlege	Else Kjellesvik

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokontto 3373 07 00305

Postgirokontto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND

Arvid K. Jøsang

Eli Kro

Reidun Grønnestad

REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 150,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF

Den 1. i kvar mnd. bladet kjem ut

BLADET KJEM UT

2. veka i alle mnd. utanom januar og august

FORSIDE

Gullspenne, Nedrebø - diameter 7,6 cm

frå Vikingtid (900 - 950 e.Kr.)

STØNAD TIL DELTAKING PÅ KURS

- for lag og organisasjonar -

Driftsstyret kan yta stønad til deltaking på kurs/ konferansar som tar sikte på skoling av laget sine medlemmer, samt utdanning av leiarar og tillitsmenn. Slik stønad kan søkjast gjennom heile året, og gjeld berre for deltakarar frå lag og organisasjonar i Bokn kommune. Søknad kan sendast før påmelding til kurs/ konferanse, og svar om kommunal støtte blir gitt innan to veker etter mottatt søknad.

I søknaden skal desse opplysningane stå:

- kurslengde
- arrangør

- program
- opphalds- og kursavgift
- utgifter til materiell og reise
- namn på kursdeltakarane frå laget

Vennligst bruk denne rekkefølga i søknaden samt at det blir lagt ved dokumentasjon av det som blir søkt støtte til.

Tilskot kan ytast med inntil 50% av samla utgift til reise, opphalds- og kursutgifter.

Det er viktig med kursverksemd, ikkje minst med tanke på inspirasjon og utvikling i laget. Med dette vil kommunen oppfordra dei laga som ikkje nyttar seg av dette tilbudet om å gjera det.

A-Blad

RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
4290 BOKN

KULTURKALENDEREN

APRIL

- 21.: Miljøvennlig hagebruk v/hege Aasbø –
Allrommet kl.19.00, arr. Bokn hagelag
- 22.: Kontaktmøte, Bokn bedehus kl. 19.30
- 23.: Kampen om Vikingskipet
- 25.: Vårsleppet, arr. BIL
- 29.: Møte, Bokn pensjonistforening – Allrommet kl. 17.30

MAI

Hagelaget planter solsikkefrø med småskulen denne mnd.

- 02.: Kyrkjebygd sundagskule, Allrommet kl. 10.30
- 07.-09.: Troppstur, speidarar
- 08.: Hagedag m/15-års jubiléum og barneloppemarked
på skulen – plantesal v/Johan Sandvik,
arr. Hagelaget
- 09.: Kyrkjebygd sundagskule, Allrommet kl. 10.30
- 16.: Kyrkjebygd sundagskule, Allrommet kl. 10.30
- 16.: Hagelaget pynter på skulen
- 17.: Barneridning/køyring, arr. BORK.



APRIL

- 25.: Gudsteneste kl. 19.00 - samtalegudsteneste

MAI

- 13.: Gudsteneste kl. 11.00 – konfirmasjon
- 17.: Gudsteneste kl. 10.30

LIKNINGSKONTORET

Kontordagar i Bokn
tysdag og torsdag kl.
08.00 – 15.00

Tlf. 52 74 85 13

Måndag, onsdag og
fredag kontordagar ved
Tysvær liknings- og
folkeregister i Aksdal
kl. 08.00 – 15.00
tlf. 52 77 54 10

Gaute Kro
likningssjef i Bokn

LANDBRUKS- KONTORET

Kvar fredag kontordag i
Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i
Tysvær andre vekedagar,
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset
jordbrukssjef

ORDFØRAREN er å
treffa på Boknatun
torsdagar mellom
kl. 09.00 - 15.00

Direktenr. 52 75 25 47

P.g.a. ein del
møteverksemd
er det lurt å ringja på
førehand.

PSYKIATRISK SJUKEPLEIAR- TENESTE

Tysdag kl. 08.00 – 15.00
Onsdag kl. 17.00 – 22.00
Fredag kl. 10.00 – 13.00

på det gamle
fysioterapirommet.
Direktenr. 52 75 25 36

Laila Nemeth
psykiatrisk
sjukepleiar

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og torsdag
kl. 9.00 – 15.30

Direktenr. 52 75 25 33

Geir Austvik
fysioterapeut

HELSESTASJONSDAG

Torsdagar 9-11.30.
Elles etter avtale.

Direktenr. 52 75 25 43

Eva Brunborg Svendsen
helsesøster

BARNEVERNLEIAREN

Kontordag tysdagar,
elles etter avtale.

Direktenr. 52 75 25 54 -
Mob. 946 78 919

Eva Moi
barnevernleiar

FOTTERAPI
på fylgjande datoar:

23.04 – 21.05

For påmelding,
tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen